


# ÅRSMELDING FOR 2025

## INDRE HERØY SOKN OG HERØY SOKN



### **SOKNERÅDET**

Frå 01.11.2023 har det vore eit felles sokneråd for Indre Herøy sokn og Herøy sokn.

### **Representantar frå Indre Herøy sokn:**

Sigrunn Bigset, Magnar Storøy (nestleiar), Brit Hilde Slettebakk, Anne Steinsvik Slettebakk.

Vara: Nina Skogli Kopperstad, Geir Sporstøl

### **Representantar frå Herøy sokn:**

Camilla Kvalsvik Aksnes (leiar), Øyvind Granden Berg, Therese Frøystad Igesund, Kjell Rabben

Vara: Anne-Kari Remøy, Kristian Arnevik, Svein Gjelseth, Frode Ryssevik, Roar Jan Eide

### **Geistleg representant i Soknerådet:**

Solfrid Leinebø Seljås

Kjell-Roger Isene, vara

### **Representantar i Herøy kyrkjelege fellesråd:**

Frå Indre Herøy sokn: Sigrunn Bigset, Brit Hilde Slettebakk (nestleiar)

Frå Herøy sokn: Therese Frøystad Igesund (leiar), Kjell Rabben

## **KIRKEORDNING FOR DEN NORSKE KIRKE**

### **§ 12 - Menighetsrådets oppgaver**

*Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis trosopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.*

*Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet.*

*Menighetsrådet avgjør om det skal tas opp offer eller foretas innsamling i kirken og forvalter de midler som blir samlet inn, bevilget eller gitt som gave til kristelig virksomhet i soknet, med mindre annet er fastsatt. Avgjørelse om opprettelse av stillinger skal godkjennes av kirkelig fellesråd.*

*Menighetsrådet medvirker ved tilsetting i kirkelige stillinger etter de regler som gjelder til enhver tid.*

*Menighetsrådet innbyr minst en gang i året de tilsatte i soknet til å ta del i rådets drøftinger om menighetsforholdene og de oppgaver som foreligger.*

*Menighetsrådet forbereder og gir innstilling til avgjørelse i alle saker som legges frem for menighetsmøtet, jf. § 13, eller som menighetsmøtet selv tar opp.*

*Menighetsrådet gir hvert år menighetsmøtet en orientering om det kristelige arbeidet i soknet.*

*Menighetsrådet skaffer til veie de opplysninger og gir de uttalelser som kirkelig myndighet ber om.*

### **SOKNERÅDSARBEIDET**

For 2025 har det vore helde 10 møter i soknerådet.

Totalt for 2025 har soknerådet handsama 79 saker.

Soknerådet ser kor viktig det er med eit godt arbeid mot barne og unge.

Etablerte aktivitetar som Tweens, ungdomskafé og hybelmiddag er viktig å halde gåande. Det var og gledeleg å få ta i bruk den nye «Bestestova» i Herøy kyrkje.

**Tilsette:**

Soknerådet har ikkje faste tilsette, dette er det kyrkjeleg fellesråd som har. Alt arbeid i regi av soknet baserer seg på dugnad og frivillig arbeid, i høve sokna sine planar for kyrkjelydsarbeidet.

**Årsplan for soknerådets sine møte og saker i 2026:**

## Januar

- Årsplan
- Offerliste
- Kyrkjevertliste
- Budsjet

## Februar

- Årshjul
- Planlegging Årsmeldingar
- Kyrkja vår

## Mars

- Planlegging av årsmøte
- Årsmelding
- Rapportar frå utval og tilsette
- Fellesmøte med sokneråda og fellesrådet behandlar planane

## April

- Revisjon av budsjett
- Rekneskap
- Kommunikasjonsarbeid
- Gjevarteneste

## Mai

- Årsmøte 20.05.26

## Juni

- Gudstenesteliste
- Offerliste
- Kyrkjevertliste
- Vurdering av arbeidet i halvåret
- Rekneskapsrapport / Revidering budsjett
- Forslag til fellesrådet sitt budsjettforslag til kommunen
- Møtedatoar haust 2026
- Gjennomgang Årsplan

## September

- Neste års utstillingar
- Kyrkja vår – ei nettside med oversikt over sokna våre

## Oktober

- Trusopplæring
- Barne- og ungdomsarbeid
- Rekruttering og utfordring av ungdomar til kyrkjelege studiar

## November

- Målsetting for neste år
- Offersøknader

## Desember

- Gudstenesteliste
- Møtedatoar vår 2027
- Vurdering av halvåret
- Planar / Budsjett
- Val og oppnemningar

*Vedteken av «Felles sokneråd for Indre Herøy sokn og Herøy sokn», 21.01.2026.*

## **AKTIVITETANE I SOKNET**

### **Kyrkjelydsarbeidet/arbeidet i soknet 2025:**

Året 2025 var det andre heile året med eit felles sokneråd for Indre Herøy sokn og Herøy sokn. I forkant av valet på hausten 2023, var det knytta spenning til om felles sokneråd skulle kunne fungere. Det fyrste og det andre driftsåret har synt at det går bra!

Soknerådet har brukt tid på å bli kjente med kvarandre og med begge dei to sokna sine særpreg og potensial for samarbeid på tvers.

### **Nokre av gledene i 2025:**

- Det vart halde mange konsertar i kyrkjene dette året ved mange av kora i Herøy, og også ved lokale og nasjonale songarar og musikarar. Vi tenkjer mellom anna på støttekonsert for kyrkjeasylanten Suel, ved Trygve Skaug. Vi vil særleg nemne at vårt eige kyrkjekor samarbeidde med Runde blandakor og Oddgeir Bruaset og solistar om «En annerledes julekonsert». Dette var særst vellukka.

- Vi starta med Ungdomskafé i haust, annankvar måndag!!
- TenSing vart i haust flytta frå onsdag til annankvar måndag!!
- Vi starta opp med «Messy Church» i haust. Det er eit nyskapande gudstenestetiltak som vart prøvd ut ein søndag i månaden, kl 16-18. «Messy Church» er for heile familien. Dei to timane inneheld middag, aktivitetar og kort gudsteneste. Det er danna ei arbeidsgruppe ved diakon, kyrkjelydsarbeidarar og frivillige. «Messy Church» har slått an og mange frivillige deltek med oppgåver i heile arbeidskyrkja og mange kjem og deltar.
- Gospelhelg: Ei av gledene dette året var at vi kom i gong med gospelhelg med den kjendte gospelinstruktør Leif Ingvald Skaug. Den fyrste gospelhelga var i palmehelga frå fredag kveld til og med søndag kl 17 med «Påskechurch» som var ei gudsteneste med berre gospelsongar og nattverd. Ei engasjerande helg for dei om lag 25 påmelde og det var mange som kom på Påskechurch. Den andre gospelhelga vart gjennomført i ei av helgene knytt til haustferien. Det var med den same inspirerande instruktøren Skaug og gospelhelga vart avslutta med Gospelchurch igjen søndag kl 17. Om lag 30 var påmelde på gospelhelga og mykje folk kom på Gospelchurch, også langvegsfrå.
- Gjennom påskeveka, og ei veke til var det utstilling av dåpskjolar i Kyrkjestova i Herøy kyrkje. Dette med god hjelp av Sanitetskvinnene, for fjerde gong på rad.
- Gledeleg med utegudstenester med god oppslutning: Skaparverkets dag/havets dag 1.juni på Runde (Christineborg). 2.pinsedag, 9.juni, på Kjeldsund med familiegudsteneste og grilling og aktivitetar. 15.juni i Fosnavåg sentrum med storfamiliegudsteneste. 6.juli med morgonbøn i Indre Herøy kyrkje, pilegrimsferd frå Stoksund - Herøy med jekta og utegudsteneste på Herøy gamle kyrkjestad i høve Herøyspelet. 29.juli på øya Herøy med Olsokgudsteneste på den gamle kyrkjestaden.
- Gjennom sommaren var det invitert til tidebøn kvar onsdag ettermiddag på øya Herøy m/nokre leia pilegrimsvandringar langs pilegrimsstien på øya. Der var og nokre pilegrimsseglesar ut frå nøkkelstaden Herøy.
- Kvar fyrste laurdag i månaden har det vore arrangert «Nattopen kyrkje» i Herøy kyrkje frå 21.00 - 01.00, i regi av frivillige, støtta av soknerådet. I løpet av dette året fekk det populære tiltaket nytt namn: «Kveldsopen kyrkje» med start frå kl 19 etter ynskje frå mange av dei som går der jamt.

- Julaftan vart det invitert til selskap på Kjeldsund igjen, for tredje gong, for dei som ønska å feire jul i lag med andre. Dette var arrangert i lag med Ulstein sokn og organisert av diakonane og Kjeldsund, eit vellukka arrangement igjen.
- Soknerådet gler seg over alle dei frivillige kyrkjevertane i kyrkjene våre. Det å vere kyrkjevert er å vere i «fyrstelinja» med å ta imot folk som kjem til gudsteneste som vi tilbyr kvar søndag. Det er ei viktig teneste!
- Gledeleg at vi i kyrkja kan tilby Hybelmiddag annankvar onsdag til elevar frå vidaregåande. Det er diakon Ragnhild som har ansvaret for det saman med faste frivillige medarbeidarar.
- Det er også stor glede over alle kora:  
Herøy Knøttekor, Herøy barnekor, Herøy TenSing og Herøy kyrkjekor.

## **FRIVILLIGE**

Vi har mange frivillige som stiller opp og gjer ein god innsats for at alle tilboda/aktivitetane vi har i kyrkja kan gjennomførast på ein god måte. Dette er vi svært takknemlege for. Det kan vere mange frivillige som har ansvar inn i eit kyrkjeleg tilbod, i samarbeid med tilsette. Vi nemner under her nokre av dei frivillige som er engasjerte i nemnder, tiltak og utval:

- Aktive menn v/ Olaus-Jon Kopperstad – trim i gymsalen på torsdager
- Barnekor har dette året vore både i Indre Herøy kyrkje og i Herøy kyrkje, med innøving av dei same songane slik at dei av og til kan syngje saman.  
Dirigent er Bjørg Hadland Slotsvik.
- Diakoniutval – har diverre ikkje vore aktivt dette året
- Gudstenesteutval – har diverre ikkje vore aktivt dette året  
Dugnadsgruppa STREAM / jobbar ved behov – Arnstein Leinebø
- «Syng med oss» med Sjømannskyrkja er eit årvisst arrangement som engasjerar mange frivillige i lokalsamfunnet, t.d. rederitilsette og andre som bidreg saman med sjømannsprestar og soknepresten.
- Undrekveldar for damer – vart test ut 3 kveldar i haust ved frivillige, basert på Alphakurs-opplegg. Ansvarleg var ei av bibelgruppene i sokna.
- Grønt utval / grøn kyrkjelyd – har diverre ikkje vore aktiv dette året
- Gudstenester – kvar søndag etter ei fast rytme – avhengig av frivillige som bidrar

- Gudstenesteutval – har diverre vore lite aktivt dette året
- Herøy kyrkjekor v/ kantor Dag Johan Flattun . Korets styreleiar: Jorunn Johnsen
- Herøy Tensing v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygard m.fl,
- Hybelmiddag v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygard, Kirsti Vattøy m.fl.
- Julefeiring på Kjeldsund – v/diakonane i Herøy og Ulstein saman med Kjeldsund
- «Juleglede-aksjonen» – v/diakon Ragnhild Danbolt Øygard saman med frivillige
- Julehelsing for 85+ v/ diakon Ragnhild Danbolt Øygard med frivillige
- Kirkens SOS – ingen hadde det vervet på vegne av sokna i 2025.
- «Klede til glede» – vert drive av Herøy sanitetsforening saman med diakon Ragnhild, inngang kyrkjekontoret
- Knøttekor – v/kantor Dag Johan Flattun i samarbeid med diakon Ragnhild og kyrkjelydsarbeidar Lena. Ein god gjeng knøttar (2-6 år) er med saman med sysken og foreldre/besteforeldre. Øving i gymsalen i kyrkjekjellaren, Herøy kyrkje.
- KRIK i Einehallen starta opp igjen hausten 2025 v/ Markus Johansen, Kristian Arnevik m.fl.
- Kulturutval – v/ kantor Dag Johan + Liv Sundnes, Hallgeir Hauge og soknepresten
- Kveldsmessenemnda v/Øystein Nerland, Øyvind G. Berg, Alette Teige, sokneprest
- Kyrkjeforeininga v/ Karete Johansen, Marit Leinebø m.fl.
- Kyrkjegruppa v/ Alette Teige
- Kyrkjekoret v/ dirigent kantor Dag Johan Flattun og styreleiar Jorunn Johnsen
- Livsgledefesten v/elevar frå vidaregåande arrangerar fest for eldre, 1 gong i året
- Lovsangsgruppe/kveld v/ Rikke G. Kopperstad, Jostein Husøy m.fl.
- Medarbeiderfest for frivillige 1 gong i året – v/kyrkjestaben
- Kveldsopen kyrkje 1. laurdag i månaden v/ Evy og Frode Ryssevik m.fl.
- Herøy kyrkje er «Open kyrkje» kl 12-14 kvardagar (-gravferdsdagar) v/ kyrkjestaben
- Søndagsskule 2 søndagar i mnd i vår v/Beathe Myklebust og Rikke G. Kopperstad m.fl. I haust vart det ein søndag i månaden, då vi ser det i samanheng med familietiltaket «Messy Church» som også var ein søndag i månaden.
- Tidebøn, pilegrimsstien og pilegrimsferd v/»Nøkkelstadgruppa», prestar, frivillige.
- Torsdag i kyrkja (Strikkekafe, open kyrkje og temaforedrag) v/Johanne/Bjørn Leinebø og sokneprest Solfrid m.fl.

- Tweens v/Arnstein og Marit Leinebø, Øystein Nerland, Bodil Leinebø og Håkon Kopperstad
- Tysdagslunsj v/ Olaus Jon Kopperstad
- «Sterk og stødig» v/kommunen som leiger gymsalen til trim for eldre kvar torsdag.
- Utsmykkingsnemnda vart oppnemnd då det skulle byggast ny kyrkje og hadde ei rolle i høve innreiing og innkjøp av kyrjekunst dei fyrste åra, i byggjeåra og fram til kyrkja sto ferdig til vigsling i februar 2003. Nemnda vert frå tid til annan framleis konsultert og arbeider på vegne av soknerådet. Disse har vore i utsmykkingsnemnda heile tida: Jorunn Johnsen, Ivar Sulebakk, Alette Teige.

### **Trusopplæringstiltaka / Kyrkje-skule-barnehage og andre tiltak:**

Kyrkjestab, prestar og frivillige har hatt desse tiltaka i 2025:

- Våren og hausten: Open barnehage
- Bibelsporet (undervising i 5.klasser om den raude tråden gjennom Bibelen): Dette året gjennomførte diakon Ragnhild og sokneprest Solfrid berre GT-undervisinga på utvalde skular.
- Utdeling av bok til 4-åringane, ved karnevalsgudsteneste
- Lysvaken for 6.trinn vart ikkje gjennomført dette året
- Tårnagent for 9-åringar vart ikkje gjennomført dette året
- Konfirmantarbeidet gjennomført med tilsette og frivillige.
- Julevandringar og påskevandringar gjennomført ved tilsette
- Andaktene ved HOS OG MOS v/ prestar og organist.

### **STATISTIKK FOR 2025**

#### **Indre Herøy sokn:**

Medlemstal	1324	74,5% av innbyggerane
Døypte	24	
Konfirmantar	19	
Gudstenester	27	I snitt møtte 61 per gudsteneste
Kirkelige vigslar	3	
Kirkelige gravferder	14	

**Herøy sokn:**

Medlemstal	4787	73,4% av innbyggjarane
Døypte	36	
Konfirmantar	27	
Gudstenester	59	I snitt møtte 128 per gudsteneste
Kirkelige vigslar	8	
Kirkelige gravferder	65	

**REKNESKAP FOR 2025, INDRE HERØY SOKN****Årsresultat:**

Indre Herøy sokn hadde eit mindreforbruk på kr. 16.036,56 i 2025.

Det økonomiske resultatet fordeler seg slik:

Driftsinntekter	129.041,49
Driftsutgifter	-127.873,43
Brutto driftsresultat	1.168,06
Netto finans- inntekter / utgifter	600,00
Netto driftsresultat	1.768,06
Bruk avsetningar	26.907,43
Avsetningar	-12.638,93
Mindreforbruk	16.036,56

**Eigenkapital:**

Indre Herøy sokn har eit disposisjonsfond med ein saldo på kr. 93.406,66 pr. 31.12.25.

Indre Herøy sokn har og bundne driftsfond med ein saldo på kr. 51.653,32 pr. 31.12.25.

Mindreforbruket på kr. 16.036,56 vert overført til eigenkapital.

**Budsjett:**

For Indre Herøy sokn er det vedtatt eit budsjett i balanse for 2026.

Ofringar til eiga verksemd, betaling frå deltakar, gåver og tilskot er budsjettert til omlag 88 tusen kroner.

Dei samla utgiftene er budsjettert med eit likelydande beløp.

## REKNESKAP FOR 2025, HERØY SOKN

### Årsresultat:

Herøy sokn hadde eit mindreforbruk på kr. 78.699,50 i 2025.

Det økonomiske resultatet fordeler seg slik:

Driftsinntekter	944.281,58
Driftsutgifter	-1.061.852,08
Brutto driftsresultat	-117.570,50
Netto finans- inntekter / utgifter	22.720,00
Netto driftsresultat	-94.850,50
Bruk avsetningar	395.809,00
Avsetningar	-222.259,00
Mindreforbruk	78.699,50

### Eigenkapital:

Herøy sokn har eit disposisjonsfond med ein saldo på kr. 866.546,75 pr. 31.12.25.

Herøy sokn har og bundne driftsfond med ein saldo på kr. 259.567,44 pr. 31.12.25.

Mindreforbruket på kr. 78.699,50 vert overført til eigenkapital.

### Budsjett:

For Herøy sokn er det vedtatt eit budsjett i balanse for 2026.

Ofringar til eiga verksemd, betaling frå deltakar, gåver og tilskot er budsjettert til omlag 492 tusen kroner.

Dei samla utgiftene er budsjettert med eit likelydande beløp.

### UTFORDRINGAR FRAMOVER

Soknerådet ser det som viktig å få på plass underutval til sokneråda. Dette er til dømes gudstenesteutval, kappeansvarlege, diakoniutval, dugnadsansvarlege.

Soknerådet ser det og som viktig at vi når ungdommane i begge sokna med dei tilboda som er i Herøy kyrkje, særleg TenSing og Ungdomskafeen.

Vi er svært takksame for alle dei som gjer frivillig arbeid i kyrkja i dag. Til medarbeidarfesten var det invitert 150 personar, mange av dei er frivillige.

Men, tilgang på frivillige kan kome til å verte ei utfordring.

For å kunne fortsette det gode arbeidet er det viktig å behalde dei som er frivillige i dag.

Soknerådet har fokus på å behalde dei aktivitetstilboda som er etablerte, men ser at nye aktivitetar forutset at ein har nok frivillige som kan være med.